



Statens vegvesen Region Vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1018 - 19/25698

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:

13.12.2019

Vedtak om særskilt fartsgrense 50 km/t og fartsgrensesone 30 km/t - Kv2137

Administrativt vedtak. Saknr: 305/2019

Saksutgreiing:

Meland kommune ønskjer å skilte Kv2137 Fureskjeggvegen med 50 km/t og med fartsgrensesone 30 km/t frå 1256 Kv2137 hp1 m0 til hp1 m867 ved kaien på Fureskjegget og med tilhøyrande gjentakingskilt. Fartsgrensa i vegen er 50 km/t med spreidd bygd strøk på begge sidar av vegen. Vegen er ein populær tursti som er mykje brukt av bebuare i eit bustadfelt i nærleiken.

Vurdering:

Fureskjeggvegen er ca. 870 m lang med smal vegbreidde på ca. 3 m på det meste av vegen. Vegen er tilkomstveg til bebuarar og tilkomstveg til transport med skulebuss for dei skuleborna som bur på Fureskjegget, opp til fylkesvegen Fv5310. Det er veglys på delar av vegen. Den siste delen av Fureskjeggvegen går i ein krapp sving og deretter i rett strekning før ny sving ned mot kaien. På den siste delen finst der eit gardstun, GBNR. 40/7, der Fureskjeggvegen går mellom bustadhuset og driftsbygningane. Her er det ferdsel til fots og med kjøretøy tvers over vegen.

I samsvar med skiltforskrifta § 26 bad Meland kommune om uttale frå Vest politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale vart sett til 28.11.2019. Det har ikkje vore merknader til høyringsbrevet frå Vest politidistrikt.

Vedtak

«I medhald av skiltforskrifta § 26 vert det vedteke å skilte fartsgrensa på 1256 Kv2137 Fureskjeggvegen med skilt 362.50 50 km/t frå vegreferanse 1256 Kv2137 hp1 m0 til Kv2137 hp1 m107, vidare frå kryss ved privatveg Pv99164 hp1 m107 og til kryss ved privatveg Pv98839 hp1 m350 og vidare til hp1 m700 med gjentaking av skilt nr. 362.50 på baksida ved alle tre punkt. Deretter med «Fartsgrensesone» skilt nr. 366 m 30 km/t frå Kv2137 hp1 700 og til vegen sluttar ved kaien, og med skilt nr 368 «Slutt på fartsgrensesone» på

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

baksida av skilt nr. 366. Skilt vil bli satt opp basert på vedlagte kartskisse/skiltplan»..

Skilt nr. 362.50, 366 og 368 er i tråd med utarbeidd skiltplan.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartskisse nr 2 Kv2137 Fureskjeggvegen

Kopi til:

Paal Tonning

Mottakere:

Statens vegvesen Region Vest

Postboks 43

6861

LEIKANGER